

# Høyringsnotat til kyrkjelege høyringsinstansar

Müller-Nilssen-utvalet si utgreiing: *Samhandling i en selvstendig folkekirke – ny kirkelig organisering*



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Kyrkerådet

# HØYRINGSNOTAT TIL KYRKJELEGE HØYRINGSINSTANSAR

## Innleiing

Sidan 2005 har Kyrkjemøtet i Den norske kyrkja hatt som mål å samle arbeidsgjevaransvaret for alle som jobbar lokalt i kyrkja. I mars 2021 leverte Müller-Nilssen-utvalet si utgreiing om korleis dette kan jså ut med ei organisering på prostinivå. Ei organisering på dette nivået har ikkje vorte behandla før, og difor bad Kyrkjerådet om ei utgreiing av dette nivået.

Organisering på prostinivå er ikkje vedteke. Kyrkjerådet sender no rapporten ut på høyring for å få tilbakemeldingar på dei ulike forslaga og modellane som Müller-Nilssen-utvalet foreslår. I høyringsnotatet vert hovudlinjene i utvalet sine forslag presentert, med tilhøyrande høyringsspørsmål. Høyringsfristen er 1. desember 2021. Høyringssvara vil saman med andre utgreiingar legge grunnlaget for det vidare arbeidet med kyrkjeleg organisering.

## Om notatet

Hovudutvalet for kyrkjeleg organisering, heretter Müller-Nilssen-utvalet, leverte sin sluttrapport ved utgangen av mars 2021 på oppdrag av Kyrkjerådet. I rapporten vert det mellom anna foreslått at dagens kyrkjelege fellesråd skal bli erstatta av eit felles kyrkjeleg organ på prostinivå. Det er tre ulike modellar for korleis dette kan vere organisert. Dette organet, prostifellesrådet, vil vere arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt (dagens fellesrådsansatte og kyrkjelydsprestar). Ei slik endring vil føre med seg andre spørsmål, mellom anna valordning og samansetning av prostifellesrådet, ordning for dagleg leiing, konsekvensar for biskop og bispedømeråd og betydninga av ansvar og oppgåver for soknerådet.

Organ i kyrkja og kyrkjelege verksemder får no dette og andre spørsmål til høyring. Høyringsnotatet vil først skildre formålet for arbeidet med ny organisering, gjere greie for bakgrunnen i saken og nokre sentrale utfordringar som kyrkja står i. Deretter vil høyringsnotatet Müller-Nilssen-utvalet sine endringsforslag bli presentert, og ulike høyringsspørsmål knytt til desse. I nokre spørsmålet presenterer utvalet fleire løysingar, og er delt i anbefalinga. Kva utvalsmedlemmer som anbefalar kva i ulike spørsmål, finst i kapittel 10 i rapporten.

Müller-Nilssen-utvalet sin rapport *Samhandling i en selvstendig folkekirke – ny kirkelig organisering* kan bli lasta ned og lest på [kirken.no/kirkeligorganisering](http://kirken.no/kirkeligorganisering).

## Kvifor blir det vurdert ei ny kyrkjeleg organisering no?

Den norske kyrkja er ein kompleks organisasjon med mange organ, stillingskategoriar, tilsette og folkevalde. Til saman utgjør dette ein komplisert organisasjonsstruktur.

I dag har dei tilsette i kyrkja som arbeider side ved side i kyrkjelydane lokalt ulike arbeidsgjevarar. Dei fleste har kyrkjeleg fellesråd på kommunenivå som arbeidsgjevar, medan prestane er tilsett på nasjonalt nivå, med store delar av arbeidsgjevarmynda delegert til biskop og bispedømeråd.

Kjernen i denne saka handlar om korleis kyrkja kan organisere den lokale verksemda. Målet er at kyrkja blir ein betre arbeidsgjevar, at ressursane blir brukt best mogeleg og at ressursar kan

bli frigjort til å møte menneske lokalt, dele evangeliet og vere ein relevant samfunnsaktør i bygd og by. Denne saka har difor ikkje ei ny organisering som målsetjing, men handlar om korleis organiseringa kan bidra til best mogeleg utvikling av folkekyrkja i heile Noreg.

Ved å samle funksjonar kan kyrkja ruste seg for å møte ei framtid med eit livssynsoppe samfunn, med endringar i befolkningsmønster, strengare krav til offentlege og private verksemder og ein svakare offentleg økonomi. Gjennom dei siste tiåra har norsk arbeidsliv vorte stadig meir formalisert og regulert. Arbeidsmiljølova er utvida til fleire område, det har kome forskrifter for internkontroll, personvern, datatryggleik mm. Dette fører til at den som er ansvarleg arbeidsgjevar har fått auka formelt og reelt ansvar med større krav til styring av verksemda. Kyrkja må ha ein organisasjon som er godt rusta for å ta dette ansvaret. Utøving av felles arbeidsgjevaransvar for dei som arbeider lokalt handlar difor særleg om å ha einingar med kapasitet og kompetanse til å ivareta kyrkja sine lokale oppgåver generelt, og arbeidsgjevaroppgåver spesielt. Samtidig må desse omsyna bli balansert mot behovet for lokal forankring hos sokn og sokneråd, og behovet for framleis gode relasjonar og nærleik til den enkelte kommune.

Samtidig handlar saka om korleis kyrkja bør bli leia på lokalplan. Kyrkja har mange og viktige oppgåver i lokalsamfunnet og mange kompetente og ansvarsfulle medarbeidarar som løyser oppgåvene. Forventingane frå dagens medarbeidarar er annleis enn tidlegare, og aukande med omsyn til at arbeidsgjevar skal vere ein profesjonell part som set retning og tek ansvar for verksemda – og samtidig fylgjer opp dei tilsette og gjev dei handlingsrom. Dei tilsette forventar tydelege roller og mandat i organisasjonen dei skal arbeide i, dei forventar gode kollegiale forhold og dei forventar ein leiar som har tid og kompetanse til å drive leiing både fagleg og personalmessig. Folkevalde forventar og tydelege strukturar, roller og mandat for dei kyrkjelege organa dei er vald inn i.

Den nye trussamfunnslova trådde i kraft 1. januar 2021. I denne lova har kyrkja fått mynde til å avgjere kyrkja si organisering. Kyrkja skal løyse desse utfordringane i ei brytingstid. Den norske kyrkja er eitt trussamfunn, med ulike organ og roller som er gjeve særskild mynde. Innanfor handlingsrommet som er gjeve i trussamfunnslova skal Kyrkjemøtet ta stilling til spørsmålet om ny organisering av kyrkja. Føremålet er at kyrkja kan vidareutviklast som folkekyrkje, for alle medlemmane og for alle som søker fellesskap i kyrkja – med klare oppgåver for dei tilsette, dei folkevalde, dei frivillige medarbeidarane og for befolkninga elles.

## Kort historisk bakgrunn

Korleis vart det slik? Dagens kyrkjelege organisering har røter frå gamalt av, då lokalsamfunnet hadde ansvaret for kyrkjebygget og kongen sendte prestar for å gjere teneste i kyrkjelydane. Denne todelinga har fylgt kyrkja heilt fram til i dag. Gjennom dei siste 200 åra har kyrkja gradvis blitt utvikla som organisasjon, og nye lover og organ har bidrege på vegen mot ei sjølvstendig folkekyrkje. Den todelte organiseringa har tent kyrkja vel og vore ei tenleg ansvarsfordeling for statskyrkja i mange år. Etter kvart som det har blitt fleire tilsette og det har blitt større krav til arbeidsleiing og arbeidsmiljø enn tidlegare, er det vanskeleg å sjå at ei slik todeling er tenleg når kyrkja i dag har ansvar for å bestemme si eiga organisering.

I 1997 kom ei ny kyrkjelov. Då vart soknet sin status som rettssubjekt lovfesta, og kyrkjelydane fekk ei meir sjølvstendig stilling i forholdet til kommunen. Kyrkjelova sørga for at lokalt tilsette i kyrkja vart overført frå kommuna til eit lovbestemt kyrkjeleg organ på kommunenivå, dagens fellesråd. Kateketar som før var statstilsette, fulgte også med til dette nye kyrkjelege forvaltningsnivået på kommunenivå. Prestane heldt fram med å ha tilsettingsforholdet i staten som embetsmenn og tjenestemenn. Tilsettingsmynda for prestar er gradvis blitt overført til kyrkjelege organ, og i 1989 vart tilsettingsmynda for alle kyrkjelydsprestar, bortsett frå prostar

og biskopar, overført til bispedømerådet. Biskopen har over tid fått fleire arbeidsgjevarfunksjonar, men også Kongen og departementet hadde arbeidsgjevarfunksjonar for presteskapat. Biskopen har ikkje arbeidsgjevarfunksjonar i alle lutherske kyrkjer. Den viktigaste oppgåva til biskopen i ei luthersk kyrkje er å ha tilsyn med heile kyrkja, både tilsette og råd. I 2008 inngjekk Stortinget eit kyrkjeforlik, med sikte på å endre relasjonane mellom stat og kyrkje. Ein viktig del av dette var at kyrkja sine eigne organ skulle overta ansvaret for å tilsetje biskopar og prostar. Det skjedde i 2012.

Eit anna viktig skritt var å etablere Den norske kyrkja som eit eige rettssubjekt (RDNK), skilt frå staten. Dette skjedde i 2017 og samtidig vart alle prestar og tilsette i bispedømeråd og Kyrkjerådet overført frå staten til dette nye kyrkjelege rettssubjektet.

Allereie i 2005 vedtok Kyrkjemøtet målsetjinga om felles arbeidsgjevaransvar i ei framtidig kyrkjeordning. Dette blei stadfesta på Kyrkjemøtet i 2013, og Kyrkjerådet blei beden om å halde fram arbeidet med ny kyrkjeordning når ny rammelov for Den norske kyrkja blei vedteken av Stortinget. I 2015 og 2016 behandla Kyrkjemøtet saker som førebudde organisasjonen på skiljet mellom stat og kyrkje frå 2017, og kyrkjeordning etter dette.

På Kyrkjemøtet i 2016 vart ei sak om *Veivalg for framtidig kirkeordning* handsama. Tre alternative løysingar for arbeidsgjevaransvar vart vurdert. Då denne saka vart handsama var verken finansieringsordninga for Den norske kyrkja eller trussamfunnslova klare. Først når trussamfunnslova var klar, vart det klart kva mynde Kyrkjemøtet har til å bestemme organisering av kyrkja, og innanfor kva rammer dette må skje.

Veivalsaka viste at to av dei tre forslaga som blei lagt fram (modell A *Storfellesrådsmodellen* og B *Bispedømmerådsmodellen*) ikkje var eigna til å samle kyrkja. Den tredje løysinga, modell C (samordna arbeidsgjevarorganisering) blei vedteken, samtidig som målsetjinga om «felles arbeidsgjevaransvar» vart stadfesta i eit seinare trinn i utviklinga av kyrkjeordninga. Kyrkjerådet anbefalte at Kyrkjemøtet i 2019 i første rekke skulle vedta ei kyrkjeordning som bygde på kyrkelova, utan større endringar. Samtidig bad Kyrkjerådet Kyrkjemøtet om å få eit mandat til å arbeide vidare med framtidig kyrkjeorganisering for å innfri målsetjinga om «felles arbeidsgjevaransvar», det vil seie gå rett til det seinare trinnet for å innfri denne målsetjinga. Dette mandatet fekk Kyrkjerådet.

Etter 2017 fortsette utviklinga fram mot den trussamfunnslova som trådde i kraft i 2021. Trussamfunnslova vidarefører at Den norske kyrkja er å definere som eitt trussamfunn, med Kyrkjemøtet som øvste representative organ, og to typar rettssubjekt, soknet og RDNK. Noko av det som måtte bli avklart i trussamfunnslova, var om kyrkja framleis skulle ha finansiering frå både stat og kommune – eller om staten skulle overta all offentleg finansiering av kyrkja, slik det var foreslått for alle andre trus- og livssynssamfunn. Kyrkjemøtet vedtok, med stort fleirtal, å anbefale å gå inn for å behalde den todelte finansieringsordninga. Dette forslaget blei fylgt av Stortinget.

Det betyr at det er nokre gjevne rammevilkår Den norske kyrkja, både når det gjeld typar rettssubjekt og finansieringsordning. Det er to finansieringskjelder for kyrkja, stat og kommune, og dette definerer langt på veg handlingsrommet for ei kyrkjeleg organisering, ved at ein er avhengig av å finne ei organisering som sikrar godt samarbeid med kommunane for å finansiere kyrkja si verksemd lokalt. Kommunane løyver om lag 2/3 av kyrkja sin totale økonomi. Kommunane har erfaring med å finansiere interkommunalt samarbeid, men kommunane sin vilje til å overføre midlar til organ lenger bort enn det – til dømes til eit bispedømenivå – er meir uklart. I høyringa til kommunane vil dei bli utfordra på å meine noko om kva som bør vere sentrale omsyn ved fastsetjing av nye prostigrenser.

Det er mange små kommunar med små fellesråd og få tilsette. Dette gjev utfordringar knytt til å vere ein profesjonell arbeidsgjevar med kompetanse og kapasitet på det breie felt av oppgåver som kyrkja har i dag.

På bakgrunn av alt dette, vart det naturleg for Kyrkjerådet å be om ei utgreiing av ei felles organisering av arbeidsgjevaroppgåvene på prostinivå – som er nært nok og samtidig stort nok til å vere ei veileigna arbeidsgjevareining.

## Mål og mandat for utgreiingsarbeidet

På Kyrkjemøtet i 2019 vedtok Kyrkjemøtet følgande:

Kirkemøtet ber Kirkerådet om så snart som mulig i kommende kirkemøteperiode å fremme et forslag til Kirkemøtet om fremtidig arbeidsgiverorganisering og den øvrige kirkeordning (KM 06/19, vedtakspunkt 5)

På bakgrunn av dette vedtaket og behandling i eigne saker KR37/19 og 57/19, sette Kyrkjerådet ned eit breitt samansett utval og vedtok mandat for utgreiingsarbeidet i september 2019.

Hovudoppgåva for utvalet har vore å greie ut mogelege løysingar knytt til eit nytt felles kyrkjeleg organ på prostinivå, der dette fellesorganet kan utøve arbeidsgjeverfunksjonar for alle som arbeider i lokalkyrkja.

Sjølv om mandatet er spissa inn mot eit organ på prostinivå, betyr ikkje det at dette nivået er valt eller at dagens prostistruktur skal bli lagt til grunn. Det er Kyrkjemøtet som avgjer ei ny kyrkjeleg organisering, og Kyrkjemøtet kan eventuelt også gje retningslinjer for å fastlegge ein ny prostistruktur på bakgrunn av denne høyringa. Kyrkjemøtet kan også vedta å ikkje innføre kyrkjeleg organisering på prostinivå.

Mandatet vart gjeve for å greie ut om det var mogeleg å teikne ut modellar mellom løysing A) storfellesrådsmodellen og løysing B) bispedømerådsmodellen frå veivalsaka (KM 08/16), sidan ingen av desse alternativa fekk tilstrekkeleg oppslutning. Storfellesrådsmodellen la opp til etablering av storfellesråd over heile landet, helst som einingar som var geografisk samanfallande med (justerte) prosti, anslagsvis 150 stk. Storfellesrådsmodellen sil seg frå utvalet sitt forslag til ei organisering på prostinivå, blant anna ut frå at det er ulike rettslege modellar, og fordi det er teikna ut modellar for dagleg leiing av prostifellesrådet og ein tydelegare relasjon mellom prost og biskop. Samtidig vil organiseringa på prostinivå rundt rekna utgjere 90-150 prosti, medan storfellesrådsmodellen ville utgjere om lag 150 storfellesråd.

Då mandatet vart gjeve, var lovproposisjon til ny trussamfunnslov, og dermed rammevilkåra for organiseringa og finansieringsordninga kjent. Kyrkjemøtet og eit fleirtall av dei lokale og regionale kyrkjelege høyringsinstansane gjekk nn for framleis todelt finansiering. Dette var mellom anna grunngeve i at ordninga vil framleis sikre eit nært samarbeid mellom kommunen og kyrkja.

I Kyrkjerådssak KR 59/19 vart mål og mandat for utgreiingsarbeidet vedteke. Det er dette Müller-Nilssen-utvalet har jobba etter. Her står det mellom anna:

Formålet med utredningen er å gi grunnlag for å treffe beslutning om fremtidig arbeidsgiverorganisering i Den norske kirke og gjøre andre tilpasninger og endringer i kirkeordningen.

Kirkerådet ønsker at utvalet særlig skal utrede mulige løsninger knyttet til et nytt, felles kirkelig organ på prostinivå, der dette fellesorganet kan utøve arbeidsgiverfunksjoner

for alle som jobber i den lokale kirke. Utredningen skal bygge på det som kan være en egnet størrelse for fremtidig arbeidsgiverorganisering og skal ta utgangspunkt i dagens prostier og i ny kommunestruktur.

Arbeidet skal ha fokus på arbeidsoppgavene i soknet og hvordan strategisk og faglig ledelse i soknet kan styrkes. Utredningen konsentreres om arbeidsgiveransvar, med særlig fokus på arbeidsledelse og tilsettinger for alle som arbeider lokalt i kirken.

Med henblikk på formålet, skal følgende utredes:

- «Prostiråd/storfellesrådet» som fellesorgan for soknene og arbeidsgiverorgan for alle kirkelig tilsatte.
- Oppgavefordeling mellom menighetsrådene og det nye fellesorgan for soknene med utgangspunkt i Kirkemøtets tidligere føringer og bispedømmerådernes relasjon til det nye fellesorganet.
- Biskopens rolle i ny kirkeordning, herunder det nærmere innhold av biskopens ledelse og tilsyn. Forholdet mellom embete og råd på et nytt mellomnivå, herunder prostens rolle som kirkefaglig leder, må tydeliggjøres sammen med avklaring av biskopens rolle. Det skal utredes en tydelig sammenheng mellom biskopens, prostens og menighetsprestens tjeneste. Utredningen må se hen til de økumeniske avtaler Den norske kirke er forpliktet på.
- Ordning for daglig ledelse i «prostiråd/storfellesrådet».
- Bispedømmerådets rolle og funksjon. Bispedømmerådene skal bestå.
- Sammensetning av og valgordning for kirkelige organer som del av det kirkelige demokratiet. Direkte valg til kirkelige organer skal vektlegges.

Mandatet slår fast at det er et mål å komme frem til løsninger som kan få bredest mulig oppslutning.

## Müller-Nilssen-utvalet sitt målbilete

Müller-Nilssen-utvalet har valt å formulere fem målbilete for arbeidet, ut frå måla som er skildra i mandatet. Målbileta peikar på korleis kyrkja skal vere i framtida, her blir det nemnt både det som må ivaretaast frå dagens ordning og der det bør gjerast endringar.

### *En folkekirke i hele landet*

Den norske kirke er en kirke som er til stede i hele landet og oppfyller samfunnsoppdraget om å være folkekirke. Over hele landet er kirken en attraktiv arbeidsplass med kvalifiserte ansatte. Den norske kirke formidler evangeliet gjennom ord og handling, og er med på å forvalte den kristne kulturarven.

### *Kirken står sterkt lokalt*

Soknet er den kirkelige grunnenhet. Det er lokalt at kirken deler evangeliet og får nære møter med medlemmer, frivillige og de som søker kirkens tjenester. Fleksible strukturer sikrer lokalt handlingsrom innenfor nasjonale rammer, slik at kirken til enhver tid er godt tilpasset lokale forhold.

### *Avklarte roller og mandat*

Den norske kirke har både folkevalgte, frivillige og ansatte som bidrar til drift og utvikling av kirken. Alle disse opplever trygghet i rollen ved at det er definert hvilken rolle og hvilket mandat den enkelte har. Strukturen har et godt samvirke mellom embete og råd, og sammensetningen av ulike organer er gjennomtenkt og begrunnet.

### *God ledelse på alle nivå*

Kirken har god, strategisk, folkevalgt og faglig ledelse på alle nivå, slik at kirkens ansatte har det bra på jobb og får brukt sin kompetanse. Frivillige opplever god oppfølging og involvering. Nasjonal ledelse gir retning og rammer for hele kirken, og

bidrar til at kirken henger sammen lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er et velfungerende strategiarbeid mellom nivåer, og prosesser for medvirkning.

#### *God ressursutnyttelse*

For å nå bredest mulig ut med kirkens budskap brukes menneskelige og økonomiske ressurser på best mulig måte. På denne måten er man i kirken gode forvaltere ved å unngå dobbeltarbeid, samle kompetanse og frigjøre ressurser til kirkelig tilstedeværelse lokalt.

Rapporten fra Müller-Nilsen-utvalet gjev uttrykk for at forslaget frå utvalet – uavhengig av modell – er venta å svare betre på måla enn kyrkja si organisering i dag. Dette er fordi alle modellane inneber å samle arbeidsgjevaransvaret for dei som arbeider lokalt, i prostifellesråd. Les meir om utvalet sine vurderingar av korleis ulike modellar oppnår mål, i kapittel 9 i rapporten.

#### **Kvifor er det behov for endring?**

Müller-Nilssen-utvalet har vore oppteken å identifisere utfordringar i dagens kyrkjeorganisering med delt arbeidsgjevaransvar for dei tilsette lokalt. I avsnitt 4.2 peikar utvalet særleg på følgjande utfordringar:

##### *Sårbare arbeidsmiljøer og mye deltid*

Siden arbeidsgivernivået lokalt i dag følger kommunestrukturen, er det mange arbeidsgivere med til dels svært få ansatte. Få ansatte gjør det vanskeligere å bygge fagmiljøer på alle de områdene kirken skal dekke, og gir sårbarhet når ansatte er syke eller slutter. Mange fellesråd er i dag så små at de ikke kan tilby heltidsstillinger på alle områder, og flertallet av fellesrådstilsette er i dag deltidsansatte. Selv om få ansatte og deltid kan ha fordeler, kan det også gjøre det vanskeligere å rekruttere fagpersonell og ledere, og å få på plass gode systemer som tilfredsstillende stadig skjerpede krav til for eksempel til helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid.

##### *Ulik styring på samme arbeidsplass*

Siden ulike ansatte på et menighetskontor i dag har ulike arbeidsgivere, kan de få formidlet ulike prioriteringer og instruksjoner selv om de alle skal bidra til å realisere det samme oppdraget i samme sokn. Dette kan gjøre det vanskeligere å løse oppgavene på en god måte, særlig når de krever tverrfaglig samarbeid på tvers av arbeidsgiverlinjene. De to arbeidsgiverlinjene kan dermed ta ressurser fra arbeidet med å formidle evangeliet og å møte enkeltmennesker. Det kan også skape konflikter mellom de ansatte.

##### *Vanskelig konflikthåndtering*

De to arbeidsgiverlinjene gjør at det ikke finnes én leder med ansvar for alle ansatte som har siste ord ved håndtering av konflikter. Det er heller ikke symmetri i arbeidsgiverlinjene slik at ledere i de to linjene tilhører samme geografiske område. Ved konflikter kan menighetsprestene involvere først prost og deretter bispedømmenivået, mens de ansatte i fellesrådene har fellesrådet ved kirkevergen som øverste leder. Mangel på symmetri kan gjøre det vanskeligere å håndtere konflikter raskt og på en måte som oppleves rettferdig for alle involverte.

##### *Svakere rekruttering enn ønskelig*

En del steder er det i dag vanskelig å rekruttere ansatte med riktig kompetanse. Spredtbygde strøk kan by på rekrutteringsutfordringer også for andre virksomheter, men for kirkens del er det grunn til å tro at organisering preget av uklare ansvarsforhold og delt ledelse forsterker utfordringene.

### *Styringsmessig kompleksitet*

Den norske kirke er en kompleks institusjon med parallelle styringssystemer og flere styringsnivåer. Kompleksiteten representerer en styringsmessig utfordring. Müller-Nilssen-utvalets forsøk på å få kartlagt ressursbruken i kirken viser at det ikke finnes noen samlet oversikt over ressursbruken på ulike formål i dag, og at organiseringen av fellesrådene, rapporteringssystemene mv. gjør at det heller ikke er mulig å lage en slik oversikt. Dermed er det også vanskeligere å sikre at ressursene brukes effektivt.

Organiseringa gjev dessutan meir ressurskrevjande prosessar med koordinering og styring, og dobbeltarbeid i form av at den same oppgåva blir gjort fleire stader. Kompleksiteten er også ei demokratisk utfordring.

### Kva ynskjer Kyrkjerådet tilbakemelding på i denne høyringa?

Müller-Nilssen-utvalet har hatt i oppgåve å forelså ei ordning med felles arbeidsgjevarorgan på prostnivå for alle som arbeider i lokalkyrkja. I rapporten peikar utvalet på at det ved etableringa av eit slikt organ må takast ei rekkje val (sjå avsnitt 5.1), mellom anna om fordeling av ansvar og mynde mellom ulike organ, samansetning og val til desse organa. Utvalet har valt å handsame desse spørsmåla tematisk i kapittel 5 og 6 i rapporten, før spørsmål om dei rettslege rammevilkåra for arbeidsgjevarorganisering og mogelege modellar for organisering vert handsama i kapittel 7 og 8. Nokre av problemstillingane heng saman, men som det er vist i kapittel 8 i rapporten, kan mange val bli gjort uavhengig av kvarandre.

I denne høyringssaka er høyringsinstansar invitert til å gje tilbakemelding på dei vurderingane som er gjort av utvalet i ulike spørsmål og på ulike modellar. Sjølv om høyringa inneheld ein del definerte valalternativ, er Kyrkjerådet oppteken av å få fram at denne høyringa ikkje er meint som ei enkel avstemming på kva modellar eller løysingar som er å føretrekke. Uavhengig av høyringsinstansen sitt syn på ein prostimodell, ber Kyrkjerådet om svar på alle spørsmål, fordi dette uansett er viktig informasjon i det vidare arbeid med organisering av kyrkja.

For Kyrkjerådet er det både viktig å få fram kva dei ulike høyringsinstansane meiner, og kvifor høyringsinstansane vurderer spørsmåla slik som dei gjer, inklusive ei klargjering av kva omsyn det vert lagt vekt på. Det er difor lagt opp til omfattande bruk av fritekst i høyringssvaret. Sjølv om det ikkje kjem fram i høyringsnotatet, vil det i det elektroniske svarskjemaet vere mogeleg for høyringsinstansane å skildre om det er fleirtal eller mindretal – og mogeleg å presentere stemmefordeling og grunngjeving for dei ulike syna.

### Om omgrep knytt til arbeidsgjevarorganisering

Sentralt i utvalsarbeidet er spørsmålet om arbeidsgjevarorganisering. Nokre stader i rapporten er det difor nytta omgrep og fagterminologi som treng forklaring.

Arbeidsmiljølova § 1-8 andre ledd definerer ein arbeidsgjevar som «enhver som har ansatt arbeidstaker for å utføre arbeid i sin tjeneste». Arbeidsgjevaromgrepet er altså definert ut frå tilsettingsforholdet. Den som har tilsett nokon for å utføre arbeid i si teneste, har tilhøyrande arbeidsgjevarfunksjonar (i rapporten også omtalt som arbeidsgiverbeføyelser eller arbeidsgivermyndighet). Dette er ei fellesnemning for dei disposisjonar som arbeidsgjevar har rett eller plikt til å foreta i eigenskap av å vere arbeidsgjevar, medrekna leiing, kontroll, tilsettingar og oppseiingar, oppfylgning av arbeidstid og arbeidsmiljø osv. Sentralt i denne samanhengen står arbeidsgjevar sin styringsrett, som tradisjonelt er definert som retten til å organisere, leie, kontrollere og fordele arbeidet innanfor rammene av det arbeidsforholdet som



er inngått<sup>1</sup>. Vidare kan arbeidsgjevarfunksjonar dreie seg om plikter ovanfor offentlege styresmakter, medrekna skattetrekk og betaling av arbeidsgjevaravgift.

Vidare går det fram av arbeidsmiljølova § 1-8 andre ledd andre punktum at det «*som i denne lov er bestemt om arbeidsgiver, skal gjelde tilsvarende for den som i arbeidsgivers sted leder virksomheten*». Dette betyr at arbeidsgjevaransvaret internt i ei verksemd kan bli delt opp slik at ulike personar eller nivå med mynde kan ivareta ulike delar av arbeidsgjevaransvaret. Til dømes er arbeidsgjevaransvaret for dei fleste prestar i trussamfunnet Den norske kyrkja i dag formelt forankra i rettssubjektet Den norske kirke, der Kyrkjemøtet er øvste organ, eit ansvar som blir teke i vare av Kyrkjerådet mellom Kyrkjemøta. Utøvinga av arbeidsgjevaransvaret innanfor prestenesta er delegert til biskopane, prostane og bispedømeråda (arbeidsgjevarorgan). For sokna er det definert i kyrkjeordninga § 17 at det er kyrkjeleg fellesråd som har arbeidsgjevaransvaret for dei som blir lønna over fellesrådet sitt budsjett.

I nokre tilfelle kan det vere ynskjeleg at andre enn arbeidsgjevar utfører arbeidsgjevarfunksjonar, til dømes leiing, kontroll, tilsetjingar, oppfylging av arbeidstid mm. Verken arbeidsmiljølova eller rettspraksis set grenser på å delegere sjølv utøvinga av arbeidsgjeverfunksjonar, til eit anna rettssubjekt (ekstern delegasjon), men dette vil ikkje ta vekk rettar og plikter til arbeidsgjevaren. Ein av modellane for arbeidsgjevarorganisering (modell 3) som er foreslått at utvalet, er delvis basert på slik ekstern delegasjon av arbeidsgjevarfunksjonar.

---

<sup>1</sup> jf. Rt-2000-1602

## Høyrings spørsmål

Svar på spørsmåla skal fyllast ut digitalt, av ein person på vegne av høyringsinstansen via [elektronisk svarskjema](#).

### Innleiande spørsmål

01. Namn på høyringsinstans

02. Type hørringsinstans

a. Sokneråd

For sokneråd:

Kor mange medlemmer i soknet?

0-2000 / 2 001-10 000 / Over 10 001

b. Fellesråd

For sokneråd og fellesråd:

Kva bispedømme / kva prosti

Kor mange sokn er det i fellesrådsområdet?

Kor mange tilsette er det i fellesrådet (heiltids- og deltidsstillingar)?

Kor mange prestar har sin tenestestad i sokn i fellesrådsområdet?

c. Arbeidstakarorganisasjon

d. Arbeidsgjevarorganisasjon

e. Verneteneste

f. Utdanningsinstitusjon

g. Forskingsinstitusjon

h. Barne- og ungdomsorganisasjon

i. Interesseorganisasjon

j. Valliste

k. Enkelperson

l. Andre, spesifiser

03. Kontaktperson hjå høyringsinstansen [Namn / Stilling/verv / E-post-adresse]

## Høyrings spørsmål til forslaga frå utvalet

### **Del 1. Etablering av prostifellesråd og dagleg leiing**

#### **1. Om etablering av prostifellesråd som arbeidsgjevarorgan**

##### **Slik er det i dag**

I dag er kyrkja organisert slik at alle kyrkjelydsprestar er tilsett i rettssubjektet (rDnk). Tidlegare var prestane tilsett i staten, men sidan 2017 har rDnk vore arbeidsgjevar. Prestane har prostiet som tenestedistrikt, og har ein nærare definert tenestestad innanfor prostiet.

Dei tilsette i fellesrådet har kyrkjevevja som leiar, og er tilsett i fellesrådet. Fellesrådet er eit fellesorgan på vegne av sokna, og hentar dermed den rettslege handleevna for tilsetjingar frå sokna.

Kyrkjeleg fellesråd har i dag eit partssamansett utval som består av representantar for rådet og arbeidstakarrepresentantar. Dei fleste stader er det dette utvalet som gjer tilsetjing av dei fleste fellesrådstilsette. Kyrkjelydsprestar vert tilsett av bispedømerådet.

##### **Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet**

Heilt sidan 2005 har Kyrkjemøtet hatt som mål å samle utøvinga av arbeidsgjevaransvaret for alle som arbeider lokalt i Den norske kyrkja. Müller-Nilssen-utvalet vart beden om å greie ut korleis arbeidsgjevarorganisering på prostnivå kan sjå ut. I rapporten presenterer utvalet tre alternative modellar for korleis eit felles kyrkjeleg organ på prostnivå kan vere arbeidsgjevarorgan for alle som arbeider lokalt (dagens fellesrådstilsette og kyrkjelydsprestar). Dette organet vil erstatte kyrkjelege fellesråd.

Uavhengig av modellval vil utøvinga av arbeidsgjevaransvaret skje frå prostifellesrådet.

- Modell 1: Prostifellesrådet hentar både rettsleg handleevne og legitimitet frå soknet, og alle er tilsett i prostifellesrådet.
- Modell 2: Prostifellesrådet hentar rettsleg handleevne frå RDNK. Alle er tilsett i RDNK. Legitimiteten blir henta frå soknet gjennom indirekte val frå soknerådet. Ei rettsleg vurdering av kor vidt denne modellen er gjennomførleg er skildra i avsnitt 7.4.2.
- Modell 3: Prostifellesrådet hentar rettsleg handleevne både frå soknet og RDNK: Dei som i dag er tilsett i fellesrådet blir tilsett i prostifellesrådet, medan kyrkjelydsprestane blir verande tilsett i RDNK. RDNK delegerer dei fleste av sine arbeidsgjevarfunksjonar for prestane til prostifellesrådet. Legitimiteten vert henta frå soknet.

Dei tre modellane er skildra i kapittel 8 i rapporten, og på side 100 er det ei skjematisk oppsummering og samanlikning av dei tre modellane.

Eit konsulentfirma har gjennomført konsekvensanalysar av dei ulike forslaga og kome til at alle dei tre modellane for arbeidsgjevarorganisering som blir presentert vil gje betre mogelegheiter for å nå måla enn dagens organisering. Konsulentfirmaet sine vurderingar er vedlagt rapporten.

##### **Høyrings spørsmål**

Kyrkjerådet ynskjer å få høyringsinstansane sitt synspunkt på «grepet» med å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd til erstatning for dagens kyrkjelege fellesråd, der prostifellesråda vil vere arbeidsgjevar for både dagens fellesrådstilsette og kyrkjelydsprestane.:

04. Kva er fordelar og mogelegheiter med å etablere eit felles kyrkjeleg organ på eit justert prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt? [fritekst]
05. Kva er ulemper og risiko med å etablere felles kyrkjeleg organ på prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevar for alle dei som arbeider lokalt? [fritekst]
06. Kva tiltak kan setjast i verk for å redusere eventuelle uheldige konsekvensar ved å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd? [fritekst]
07. Andre innspel eller synspunkt på det å etablere prostifellesråd som felles arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt i kyrkja, og til erstatning for dagens kyrkjelege fellesråd?

Medlemmene i utvalet har lagt vekt på ulike omsyn når dei anbefalar modell for arbeidsgjevarorganisering på prostinivå, og utvalet er difor delt i anbefalinga. Moment som har vore vektlagt er mellom anna kor gjennomførleg modellen er, om den er eigna til å nå målet om at kyrkja skal «henge godt saman lokalt, regionalt og nasjonalt», om den gjev auka mogelegheit for strategisk leiing av kyrkja si verksemd lokalt og om den kan bidra til å nå målet om at Den norske kyrkja skal vere ein attraktiv arbeidsplass med god leiing. Med omsyn til desse momenta og dykkar erfaringar:

08. Kva modell for arbeidsgjevarorganisering er å anbefale? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3]  
Grunngjev kvifor og spesifiser gjerne kva mål de har lagt mest vekt på (sjå avsnitt 2.3 og kapittel 9 i rapporten) [fritekst].
09. Har høyringsinstansen synspunkt på korleis tilsetjingar bør gå føre seg? [fritekst]
10. I dagens modell er det to arbeidsgjevarlinjer og Kyrkjemøtet har vedteke mål om ei felles arbeidsgjevarlinje. Kyrkjerådet ynskjer å høyre følgjande:
  - a. Finst det ein betre modell for å nå målet om ei arbeidsgjevarlinje enn forslaga som er presentert i denne høyringa? I så fall, grunngjev og skildre dette [fritekst].
  - b. Ynskjer de å oppretthalde dagens ordning med to arbeidsgjevarlinjer, med eventuelle justeringar, på tross av Kyrkjemøtet sitt vedtak om éi arbeidsgjevarlinje? [Ja / Nei / Dersom ja, grunngjev svaret].

## 2. Dagleg leiing i prostifellesrådet

### Slik er det i dag

I dagens organisering er det to arbeidsgjevarlinjer, og difor skjer det dagleg leiing to stader.

Størstedelen av tilsette i Den norske kyrkja er tilsett i eit av dei 348 kyrkjelege fellesråda. Desse har kyrkjevevja som øvste leiar. Kyrkjevevja er dagleg leiar for alle tilsette i fellesrådet, og står ansvarleg overfor det folkevalde organet. Det er ingen nasjonalt definerte kvalifikasjonskrav for kyrkjevevjer, dette blir avgjort av fellesrådet i samband med utlysing av stilling.

Alle kyrkjelydsprestane har prostiet som sitt tenestedistrikt, og har prosten som næraste overordna. Prosten er leiar for prestenesta i prostiet under biskopen sitt overordna leiaransvar for prestenesta i bispedømet. Gjennom tenesteordning og kvalifikasjonskrav er det sett kvalifikasjonskrav for prosten, som må vere prest. Biskopane går igjen inn i eit større system der Kyrkjemøtet er øvste arbeidsgjevarmynd, med Kyrkjerådet som det utøvande organet som leiar arbeidet på nasjonalt nivå. Preses i Bispemøtet tek hand om arbeidsgjevar

sine omsorgsplikter overfor dei andre biskopane. Direktør i Kyrkjerådet er dagleg leiar for verksemda i Kyrkjerådet.

### **Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet**

Prostifellesrådet vil ha stor breidde i sine oppgåver og ansvarsfelt, og den daglege leiinga vil difor ha ansvar for mange tilsette med ulike arbeidsoppgåver og ulike faggrupper. Dette er nærare skildra i avsnitt 5.6 i utvalsrapporten, og i avsnitt 5.6.3 peikar utvalet på sentrale omsyn ved val av ordning for dagleg leiing.

Utvalet meiner at kyrkjeordninga framleis bør ha krav om at dei valde arbeidsgjevarorgana skal ha ein dagleg leiar som opptrer på vegne av seg når medlemmene ikkje er samla i møte, og at det også må vere eit slikt krav til prostifellesrådet. Utvalet peikar på at det må bli utarbeidd eit delegasjonsreglement som tydeleg avgrensar dagleg leiar si mynde i relasjon til det folkevalde organet, og peikar på mogelegheita for at kyrkjeordninga kan definere nokre rammer for eit slikt reglement.

Prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevar for dagleg leiar. Utvalet går ikkje inn for at det skal bli stilt spesifikke nasjonale kvalifikasjonskrav til den daglege leiaren gjennom kyrkjeordninga, anna enn at vedkommande må vere medlem av kyrkja og ha eit engasjement for bodskapen. I tillegg vil det vere opp til prostifellesrådet å fastsetje ytterlegare kvalifikasjonskrav. Det bør framleis vere slik at det er arbeidsgjevar som har hovudansvaret for å fastsetje ynskja kompetanseprofil ved utlysing og tilsetjing av dagleg leiar av prostiet.

Utvalet deler seg i synet på leiarmodell og behov for kyrkjefagleg kompetanse i den daglege leiinga. Eit fleirtal meiner at det vil vere tilstrekkeleg at kyrkjeordninga fastset at det i tillegg til dagleg leiar skal vere ein prost i dagleg leiar sin stab. Dette vil gjelde også i dei tilfelle der det er tilsett ein person med kyrkjefagleg/teologisk bakgrunn, eventuelt tidlegare prost, i stillinga som dagleg leiar. Eit mindretal meiner at det normalt vil vere behov for to leiarar i den daglege leiinga av prostifellesrådet, med klare roller og ansvarsområde dei i mellom, og at ein av desse leiarane har kyrkjefagleg kompetanse. Dei to leiarrollene vil vere overordna ein eventuell struktur av mellomleiarar.

Utvalet peikar på at dagens prestestillingar og kyrkjevevjestillingar vil bli endra i utvalet sitt forslag til ny organisering. Prosten si rolle må bli særskilt vurdert, og utvalet foreslår at prosterolla blir reindyrka som ein kyrkjefagleg leiar i prostiet. Kyrkjevevetittelen har lange historiske røter, men tittelen treng ikkje nødvendigvis å bli brukt i ei ny kyrkjeleg organisering og den kan bli gitt ulikt innhald. Dette kan illustrerast i leiarmodellane nedanfor, som er nærare skildra i avsnitt 5.6.6. i rapporten. Utvalet presiserer at alle rollene i den daglege leiinga av prostifellesrådet vi få eit anna innhald enn i dagens organisering, og at det ikkje er gjeve at det er dagens prostar og kyrkjevevjerer som skal fylle desse stillingane.

Utvalet skisserer tre modellar for dagleg leiing, og har delt seg i anbefalinga.

Modell 1 legg einskapleg leiing til grunn og opnar for lokal variasjon for at anten kyrkjevevjerja eller prosten (nye leiarroller) har rolla som dagleg leiar i prostiet. Den andre vil vere «assisterande leiar» på eit nivå over eventuelt neste nivå av mellomleiarar.

Modell 2 legg einskapleg til grunn og at dagleg leiar er øvste ansvarlege leiar. I tillegg skal det vere prost i dagleg leiar sin stab. Prosten vil på vegne av dagleg leiar ha det overordna ansvaret for den kyrkjefaglege verksemda i prostiet (nye leiarroller).

Modell 3 er inspirert av modellen for dagleg leiing på dei andre nivåa i kyrkja, til dømes bispedømenivået med biskop og stiftsdirektør. I prostiet vil prosten vere kyrkjeleiar og geistleg representant i prostifellesrådet, medan kyrkjevevjerja er administrativ leiar (nye leiarroller). Dei to

rollene møtast i prostifellesrådet, som gjennom budsjett, planverk og andre vedtak legg rammene for begge leiarrøllene.

## Høyrings spørsmål

11. Utvalet har lagt vekt på ulike omsyn når dei anbefalar modell for dagleg leiing. Moment som har blitt vektlagt er mellom anna om modellen gjev auka mogelgheit for strategisk leiing av kyrkja si verksemd lokalt og om modellen bidret il målet om å vere ein attraktiv arbeidsplass med god leiing. Med omsyn til desse momenta og dykkar erfaringar: Kva modell for dagleg leiing er i sum å føretrekke? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3] [Grunngje kvifor og spesifiser gjerne kva mål de har lagt mest vekt på (sjå avsnitt 2.3 og kapittel 9 i rapporten) [fritekst]].
12. Finst det andre og betre modellar for dagleg leiing som er å føretrekke? Forklar kva og korleis den føreslegne modellen på ein betre måte svarar ut måla for arbeidet [fritekst].
13. Kva nasjonale krav til kvalifikasjonar bør det bli stilt til den dagelge leiaren? [Alternativ 1: Det er tilstrekkeleg at dagleg leiar er medlem og har eit engasjement for kyrkja sin bodskad / Det må bli stilt nasjonale krav i tillegg til dei som er sett opp i alternativ / Har de andre synspunkt på nasjonale krav? [Fritekst]].
14. Müller-Nilssen-utvalet har nytta omgrepa «kyrkjeverje» og «prost», men har poengtert at desse kan få nytt innhald og nye titlar. Gjeve at innhaldet vil bli noko endra, bør desse at titlane bli vidareført i ny organisering, eller bør dei bli endra? [Titlane bør ikkje bli endra / Titlane bør bli endra / Grunnge og spesifiser eventuelt forslag].

## Del 2. Oppgåver og ansvar på dei ulike nivåa

### 3. Biskopen si rolle

#### Slik er det i dag

I dag er biskopen øvste leiar av prestenesta i bispedømet. Biskopen fører også tilsyn med kyrkjelydane i bispedømet, kyrkjelege råd, kyrkjeleg tilsette og øvrige medarbeidarar. Noko av leiinga blir utøvd i samband med det arbeidsgjevaransvaret som biskopen har for prostane og Biskopen fører også tilsyn med kyrkjelydane i bispedømet, kyrkjelege råd, kyrkjeleg tilsette og øvrige medarbeidarar. Noko av leiinga blir utøvd i samband med det arbeidsgjevaransvaret som biskopen har for prostane og prestane, og noko av leiinga blir utøvd som ein del av biskopen sitt tilsynsansvar. Biskopen utøver også leiing som verken fylgjer av tilsynsansvaret eller arbeidsgjevaransvaret, mellom anna gjennom strategisk leiing. Sjå avsnitt 5.8.2 i rapporten.

#### Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet

Utvalet meiner at leiar- og tilsynsrolla til biskopen bør tydeleggjerast. Utvalet har diskutert om dette best skjer ved at biskopen ikkje er arbeidsgjevar for prestane. Dette heng dels saman med spørsmålet om organisering av arbeidsgjevaransvaret, og utvalet er delt i anbefalinga. Fleirtalet foreslår at biskopen ikkje lenger skal ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar, noko som inneber eit tydelegare skilje mellom tilsynsrolla og arbeidsgjevarrolla til biskopen, uavhengig av modell for arbeidsgjevaransvar. Eit mindretal meiner at biskopen bør ha ei sjølvstendig rolle som arbeidsgjevar dersom ein vel å organisere arbeidsgjevaransvaret etter modell 2 eller 3. Les meir om dette i avsnitt 5.8.2 i rapporten.

Utvalet meiner det er viktig at biskopen har tilstrekkelege verkemiddel og ressursar for å kunne utøve sitt ansvar for tilsyn og leiing. I utgreiinga blir det peikt på ulike alternativ for kva dette

kan vere, mellom anna ein fagleg kompetent stab, rolle i tilsetjingssaker, bindande pålegg, prostivisitasar og innkalling til kompetansehevande tiltak. Les meir om dette i avsnitt 5.8.2 i rapporten.

Nedanfor kjem det spørsmål om verkemiddel knytt til biskopen sitt tilsyn og leiing. I tillegg peikar utvalet på nokre behov for vidare utgreiing:

- I. Det må greiast ut korleis arbeidsgjevar skal følgje opp bindande pålegg frå biskopen
- II. Tydelegare krav til sakshandsaming i vigslings- og tilsynssaker bør utgreiast
- III. Prosten bør få i oppgåve å legge til rette for at biskopen får nødvendig kjennskap til tilhøva i prostiet og kyrkjelydane

## Høyringsspørsmål

15. Gjeve at arbeidsgjevaroppgåvene vert samla i prostifellesrådet, kva bør bli gjort for å styrke biskopen sitt tilsynsansvar overfor sokn, tilsette og råd? [Fritekst]

Alt etter kva slags arbeidsgjevarmodell som blir valt, kva slags verkemiddel bør biskopen ha for å ivareta si leiar- og tilsynsrolle?

16. Gjeve at arbeidsgjevarmodell 2 blir valgt, der dei som arbeider lokalt blir tilsett i RDNK, bør biskopen ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar, eller bør biskopen si tilsynsrolle vere frikopla frå arbeidsgjevaransvaret? [Biskopen bør ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar / Biskopen si tilsynsrolle bør bli frikopla frå biskopen sitt sjølvstendige arbeidsgjevaransvar / Grunngeving i fritekst].

17. Kva slags oppgåver meiner høyringsinstansen det er viktig at biskopen tek hand om? [Fritekst].

18. Er høyringsinstansen einig eller ueinig i følgjande tiltak? [Heilt ueinig/litt ueining/verken eller/litt einig/heilt einig. Grunnje [Fritekst]].

- I. Det må bli etablert ein tydeleg samanheng mellom biskopen, prosten og den øvrige leiinga i prostiet som legg til rette for samarbeid og samhandling innan bispedømet, gjennom faste møtepunkt gjennom året.
- II. Biskopen må sikrast ein fagleg kompetent stab.
- III. Biskopen må sikrast ei rolle i tilsetjingssaker [Viss einig, spesifiser korleis?].
- IV. Biskopen må kunne kalle inn alle kyrkjelege medarbeidarar til fagsamlingar og kompetansehevande tiltak
- V. Det bør vere korte prostivisitasar for å sikre biskopen dei nødvendige verkemiddel til å utøve tilsynsansvaret på ein god måte.

## 4. Bispedømeråda sine oppgaver

### Slik er det i dag

I dag er det elleve bispedømeråd i landet. Bispedømerådet har som formål å ha si merksemd på alt som kan gjerast for å «vekke og nærme det kristelige liv i menighetene». Dette skjer mellom anna gjennom strategiar og planarbeid. Bispedømerådet har også budsjettmynde for prestenesta, fordeler tilskot til diakoni, trusopplæring, er vedtaksmynde ved endring av sokne- og prostiindeling, er klageinstans for nokre av avgjerdene til sokneråd og fellesråd, og er godkjenningmynde for låneopptak til sokn mm. Bispedømeråda forvaltar i dag rundt 500 millionar i tilskotsmidlar til trusopplæring, kyrkjeleg undervising, diakoni og kyrkjemusikk.

Bispedømerådet er det organet som gjer tilsetjing kyrkjelydsprestar og prostar.

## **Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet**

I ei ny organisering foreslår Müller-Nilssen-utvalet at bispedømerådet i større grad skal vere eit organ som driv strategisk og fagleg utvikling i bispedømet.

Formål og oppgåver for bispedømerådet bør i hovudsak vere det same som i dag, men utan ansvaret for å tilsetje kyrkjelydsprestar.

Utvalet peikar på behovet for å gå gjennom rollene og oppgåveporteføljene til både bispedømerådet og dei tilsette på bispedømekontoret på nytt. Difor er dette peikt på som eit vidare tema for utgreiing i kapittel 13 i rapporten. Eit sjølvstendig tema i dette er bispedømenivåets rolle i arbeidet med kompetanseheving i kyrkja. Ansvaret for å forvalte tilskotsmidlar til kyrkjelydsprestetenesta og øvrige statlege tilskotsmidlar til diakoni og undervising er ei viktig oppgåve som må vidareførast.

Bispedømerådet vil ikkje lenger ha ei rolle i tilsetjing av kyrkjelydsprestane, men det kan også vere mogeleg at biskopen har ei rolle i dette. Sjå nærare om dette i avsnitt 5.8.2 i rapporten.

## **Høyringsspørsmål**

19. Kva bør vere dei sentrale oppgåvene for bispedømerådet? [Fritekst]

## **5. Oppgåver og ansvar for nytt folkevald organ – prostifellesrådet**

### **Slik er det i dag**

I dag finst det folkevalde organ på soknenivå (sokneråd), kommunenivå (kyrkjeleg fellesråd), bispedøme (bispedømeråd) og nasjonalt (Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet).

Kyrkjeleg fellesråd er eit fellesorgan for fleire sokn som har ansvar for å ivareta administrative og økonomiske oppgåver for sokna, utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremje samarbeid mellom sokneråda og ivareta sokna sine interesser i relasjonen til kommunen. Fellesrådet har arbeidsgjevaransvaret for kyrkjeleg tilsette utanom prestane, og har mellom anna ansvar for forvaltning av gravplass- og kyrkjebygg. I eittsoknskommunar utøver soknerådet dei funksjonane som elles ligg til kyrkjeleg fellesråd, i tillegg til soknerådsfunksjonane.

Det finst ei mogelegheit for å opprette eit frivillig prostiråd som kan handsame felles saker for prostiet, men avgjerdene er ikkje bindande for sokneråda. Ordninga med prostiråd er ikkje særleg utbreidd.

### **Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet**

Utvalet foreslår å opprette eit folkevald organ på prostinivå, og har i utgreiinga kalt dette for «prostifellesråd». Prostifellesrådet vil erstatte dagens kyrkjelege fellesråd.

Utvalet foreslår at prostifellesrådet blir eit kyrkjeleg fellesorgan for sokna i prostiet, og at det vert gjort tydeleg at prostifellesrådet vil ha eit medansvar for det kristelege livet i kyrkjelydane.

Utvalet har foreslått ei føremålsbestemming som uttrykker føremålet med prostifellesrådet:

*Prostifellesrådet skal bistå menighetsrådene i deres arbeid for å vekke og nære det kristelige liv i prostiets sokn, og det skal fremme samarbeid mellom de enkelte menighetsråd og lokale arbeidsgrupper i prostiet, samt i trossamfunnet ellers.*



Prostifellesrådet vil bli eit viktig organ som samlar trådane frå kyrkja sine organ lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er prostifellesrådet som tek vare på relasjonen til kommunen og lokalsamfunnet, saman med sokneråda.

### Høyringsspørsmål

20. Bør prostifellesrådet ha føremålsbestemming som utvalet foreslår? [Ja / Nei. Dersom nei, spesifiser kva som bør bli endra]
21. Müller-Nilssen-utvalet har brukt «prostifellesråd» som namn på nytt folkevald organ. Er dette eit godt namn, eller er det andre forslag? [Ja / Nei, spesifiser / Ingen merknad]

## 6. Oppgåver og ansvar for soknerådet

### Slik er det i dag

I dag er det eit sokneråd i kvart sokn – med unntak av dei stadene der sokn har felles sokneråd. Soknerådet har eit overordna ansvar for å «vekke og nære» det kristelege livet i soknet. Soknerådet har ansvar for at kyrkjeleg undervising, kyrkjemusikk og diakoni blir innarbeidd og utvikla i soknet. Dette skjer mellom anna gjennom å vedta planar, leie frivillige og samarbeide med både tilsette og organisasjonar. Sokneråd i eittsoknskommunar utøver både soknerådsfunksjonar og dei funksjonar som ligg til kyrkjeleg fellelråd. Forrettande prest er ansvarleg for «prosjektgjennomføring» av gudstenester og kyrkjelege handlingar, jf. tenesteordning for kyrkjelydsprestar § 7. I dag er det ei linje mellom forrettande prost via prost og biskop til direktøren i Kyrkjerådet som øvste ansvarlege for at verksemda skjer i tråd med alle krav til HMS.

Eit sokneråd har høve til å opprette stillingar for eigne innsamla midlar. Når kyrkjelydsprestar vert tilsett er soknerådet involvert. For andre tilsetjingar enn prestar, er soknerådet si rolle i dag lite regulert, og det varierer korleis soknerådet er involvert i tilsetjingane.

Kyrkjeleg fellelråd utfører oppgåver på vegne av sokna, mellom anna knytt til økonomi, administrasjon, tilsetjingar, kyrkjebygg og gravplassforvaltning.

### Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet

Utvalet foreslår at dagens fordeling av oppgåver mellom sokn og kyrkjeleg fellelråd, vert vidareført tilsvarande for sokn og prostifellesråd. Soknerådet sitt ansvar for å «vekke og nære» er foreslått uendra, og soknerådet skal framleis ha høve til å opprette stillingar for innsamla midlar. Les meir om dette i avsnitt 5.4. i utvalsrapporten.

På same måte som soknerådet har eit ansvar for kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni, foreslår utvalet at soknerådet også skal få eit innhaldsmessig ansvar for kyrkjelydsprestetenesta. Det vil seie eit ansvar for dei avgjerder som ikkje ligg hjå eit anna organ, for gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar. De gjeld den mynda som i dag ligg hos rettssubjektet Den norske kirke, og som ikkje allereie er lagt til biskop gjennom forordninga til biskopen, liturgiske bestemningar frå Kyrkjemøtet og presten sin sjølvstende, gjeve av ordinasjonen.

Soknerådet si rolle bør i følgje utvalet bli styrka og regulert i tilsetjingsaker for alle som arbeider i soknet, ikkje berre for prestane.

### Høyringsspørsmål

22. Bør soknerådet få eit ansvar for gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar, dvs. det ansvaret som ikkje er avgrensa av forordninga til biskopen, liturgiske

bestemmingar frå Kyrkjemøtet og presten sin sjølvstende, gjeve av ordinasjonen? [Ja / Nei / Grunnge i fritekst].

23. Bør soknerådet si rolle i tilsetjingar av dei som arbeider i soknet bli tydeliggjort og nedfelt i kyrkjeordninga eller i anna kyrkjeleg regelverk? [Ja, dersom ja spesifiser kva og kvifor. / Nei, dersom nei, spesifiser kvifor].

24. Er det oppgåver i dag som blir gjort av fellesrådet som heller bør ligge til soknerådet? Og motsett: Oppgåver som i dag ligg til sokneråda som bør ligge hos prostifellesrådet? [Spesifiser i stikkordsform].

## 7. Prostimøte

### Slik er det i dag

På same måte som det er mogeleg å opprette eit prostiråd når eit fleirtal av sokneråda ynskjer det, kan ein opprette eit prostimøte. Prostimøtet består av samtlege sokneråd i prostiet.

Prostimøtet kan handsame saker som er felles for prostiet, men vedtaka er ikkje bindande for sokneråda.

### Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet

For å styrkje lokalkyrkja og kvart enkelt sokneråd, foreslår utvalet å etablere eit årleg fellesmøte for alle soknerådsmedlemmar i prostiet. Her kan prostifellesrådet informere om styringa av prostiet og presentere prioriteringar og strategiar.

Prostimøtet kan handsame sakar som dreier seg om strategi og satsingar i prostiet, og det er vidare eit spørsmål om kva avgjerdsrett prostimøtet skal ha. Utvalet er delt i synet på kva avgjerdsrett prostimøtet skal ha. Eit alternativ er at det er eit rådgjevande organ som ikkje bind prostifellesrådet. Eit anna alternativ er at prostimøtet har sterkare formell avgjerdsrett, som kan vedta føringar for prostifellesrådet sitt arbeid, til dømes knytta til budsjett. Les mer om utvalet sitt forslag om prostimøte i avsnitt 5.4.3 i rapporten.

### Høyringsspørsmål

25. Er det tenleg å opprette eit årleg prostimøte?

[Ja, som et rådgjevande organ for prostifellesrådet innanfor m.a. strategi og satsingar i prostiet / Ja, som eit organ med formell avgjerdsrett som vedtek rammebudsjett, godkjenner årsmelding og rekneskap / Nei. Viss nei, mogeleg å spesifisere kvifor.]

## Del 3. Kyrkjeleg demokrati, val og samansetning

Trussamfunnslova sitt kapittel 3 har som føreål å legge til rette for at Den norske kyrkja forblir ei landsdekkande og demokratisk evangelisk-luthersk folkekyrkje. Dette er i samsvar med Den norske kyrkja si sjølvforståing, slik den er uttrykt av Kyrkjemøtet. Eitkvart medlem i Den norske kyrkja som fyller 15 år innan utgangen av valåret, har røysterett i kyrkjelege val. I denne delen er spørsmål knytta til kyrkjeleg demokrati, valordningar og samansetninga av kyrkjelege organ samla.

## 8. Soknerådet og prostifellesrådet

### Slik er det i dag

Soknerådet består av fire, seks, åtte eller ti medlemmar og soknepresten. Soknerådet ver valt direkte i kyrkjevalet.

Kyrkjelege fellesråd består av ein til to soknerådsmedlemmar frå kvart sokneråd, avhengig av kor mange sokn det er i kommunen, og ein prest eller prost oppnemnt av biskopen. I tillegg kan kommunen oppnevne ein kommunal representant.

### **Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet**

Utvalet foreslår at valordning og sammansetning av sokneråd blir videreført som i dag.

Utvalet foreslår at alle sokneråd vel ein representant til prostifellesrådet, av og blant soknerådet sine medlemmar. I tillegg blir det oppnemnt ein geistleg representant (prest eller prost) som sit i rådet.

Utvalet er delt i anbefalinga om kommunane skal bli inviterte til å oppnemne representant(ar). Mellom dei som meiner at kommunane skal inviterast til å oppnemne representantar er det delte oppfatningar av om kommunerepresentanten/ane skal ha røysterett i alle saker eller om dei skal ha møte- og talerett utan røysterett. Ei grunn til å ha kommunal representasjon er å sikre nærleik til kommunane, men det er også prinsipielle motførestillingar knytta til lik handsaming av trussamfunn. Les meir om utvalet sitt forslag til samansetning i rapporten sitt avsnitt 5.3.

### **Høyringsspørsmål**

26. Utvalet har vurdert korleis prostifellesrådet bør veljast, og foreslår at prostifellesrådet blir valt av sokneråda. Er høyringsinstansen einig i dette? [Einig. Begrunn: / Ueinig. Begrunn: / Andre forslag (fritekst)]
27. Utvalet foreslår ein representant frå kvart sokneråd i prostifellesrådet. Einig? [Einig / Ueinig. Viss ueinig, spesifiser endring]
28. Bør det vere kommunal representasjon i prostifellesrådet? [Ja, med full røysterett / Ja, med møte- og talerett / Nei / Eventuell fritekstkommentar]
29. Har høyringsinstansen andre synspunkt på soknerådets og prostifellesrådets samansetning? [fritekst]

## **9. Bispedømerådet**

### **Slik er det i dag**

Kvart bispedømeråd består av sju leke valde medlemmar som vert valt direkte av kyrkjemedlemmane i bispedømet ved kyrkjevalet, biskopen, ein lek kyrkjeleg tilsett og ein prest. Prestane vert valt av røysteføre prestar i bispedømet og den leke kyrkjelege tilsette vert valt av dei røysteføre leke kyrkjeleg tilsette i bispedømet. I dei tre nordlegaste bispedømene er det ein samisk representant i bispedømerådet, og i Oslo er det ein representant frå døvekyrkjelydane.

### **Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet**

I avsnitt 5.8.5 i utgreiinga presenterer utvalet tre måtar å sette saman bispedømerådet. I nokre av alternativa er det ein heil eller delvis samanheng mellom dei som sit i bispedømerådet og dei som sit i Kyrkjemøtet (høvevis alt. 1 og 3), medan eitt av alternativa inneber at det ikkje er nokon samanheng (alt. 2):

1. Kyrkjemøtemedlemmar valt fra bispedømet (som i dag)
2. Eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd

3. Dagens bispedømmeråd (Kyrkjemøtemedlemmane valt fra bispedømmet) og eit prostifellesrådsmedlem fra kvart prostifellesråd

I alle modellane er det vidareført samisk representasjon i dei tre nordlegaste bispedømmene, døvekyrkjelydane sin representant i Oslo og biskopen. Müller-Nilssen-utvalet anbefaler alternativ 3.

## Høyrings spørsmål

30. Kva samansetning av bispedømmerådet bør veljast?

[Alternativ 1: Kyrkjemøtemedlemmar valt frå bispedømmet (som i dag) / Alternativ 2: Eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd / Alternativ 3: Kyrkjemøtemedlemmane valt frå bispedømmet og eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd (utvalets anbefaling)]

## 10. Kyrkjemøtet

### Slik er det i dag

Kyrkjemøtet er det øverste demokratiske organet i Den norske kyrkja. Oppgåver og avgjerdsrett for Kyrkjemøtet følgjer av trussamfunnslova. Her står det mellom anna at Kyrkjemøtet fastsett kyrkja sitt grunnlag, lære, liturgiar og gudstenestelege bøker. Kyrkjemøtet skal også gje nærare føresegn om kyrkja si organisering, kyrkjeleg inndeling og kyrkjelege organ og val til desse.

I dag er Kyrkjemøtet samansett av medlemmane i dei elleve bispedømmeråda, samt preses og leiar i Samisk kyrkjeråd. Totalt har 116 medlemmar røysterrett, i tillegg er det enkelte med tale- og forslagsrett: Leiar av Mellomkyrkjeleg råd, dei tre teologiske fakulteta og fire representantar frå Ungdommens kyrkjemøte.

Sidan det i dag er ti til elleve medlemmar i kvart bispedømmeråd, er det fleire kyrkjemedlemmar som står bak kvart mandat i nokre bispedømme enn i andre, slik at det varierer kor mykje ei røyst tel, avhengig av kor ein bur. I Nord-Hålogaland bispedømme er det 25 991 kyrkjemedlemmar bak kvart folkevalde mandat, medan det er 66 674 kyrkjemedlemmar bak kvart folkevalde mandat i Borg bispedømme.

### Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet

Mandat og oppgåver for Kyrkjemøtet følgjer av trussamfunnslova, og utvalet har difor berre foreslått endringar i samansetning av Kyrkjemøtet.

Utvalet anbefaler at ordninga med direkte val av folkevalde medlemmar i Kyrkjemøtet blir vidareført. Utvalet går inn for at ordningane med eit eige val av lek kyrkjeleg tilsett og prest vert avvikla. Utvalet har vist til at det er eit grunnleggjande demokratisk prinsipp at færrest mogeleg skal vere utelukka frå val, det vil seie ikkje vere valføre. Det er difor det ved andre val berre er nokre få stillingar og funksjonar som er utelukka frå valføreleik, så som kommunedirektør, kommunalsjefar, høgsterettsdomarar og tilsette i departementa. Utvalet meiner difor at det må opnast opp for at dei tilsette kan veljast som folkevalde medlemmar i kyrkjevalet, med unntak av enkelte stillingar i Kyrkjerådet og ved bispedømmekontoret. Utvalet har peika på at ei slik endring vil kunne føre med seg at det blir fleire kyrkjelege tilsette valt inn i Kyrkjemøtet, men det er eit tilhøve som må vegast opp mot prinsippet om at alle bør ha likt høve til å røyste og bli valt til Kyrkjemøtet. Utvalet la avgjerande vekt på det sistnemnte prinsippet, og viste til at det er opp til nominasjonsprosessane og veljarane å sikre at det ikkje blir for mange kyrkjeleg tilsette i Kyrkjemøtet.

Utvalet har også foreslått at talet på folkevalde medlemmar til Kyrkjemøtet frå det enkelte bispedøme skal differensierast ut frå talet på kyrkjemedlemmar i bispedømet, etter inspirasjon frå korleis fordeling av mandat blir gjort ved stortingsval. Grunngevinga for dette er ei vurdering av at kvart enkelt kyrkjemedlem si røyst prinsipielt sett bør vege like tungt, uavhengig av kor ein bur. Ein konsekvens av dette er at bispedømer med færre kyrkjemedlemmar vil få færre medlemmar i Kyrkjemøtet enn eit bispedøme med fleire kyrkjemedlemmar. Ein annan konsekvens er at kvart kyrkjemøtemedlem vil ha om lag like mange medlemmar «i ryggen», samstundes som mindre valkretsar/bispedømer framleis vil vere noko overrepresentert. Med unnatak av eitt utvalsmedlem som ikkje ønska å ta stilling til spørsmålet, tilrår utvalet ei slik differensiering. Sjå nærmare om dette i rapporten sitt avsnitt 6.5.5.

I tillegg til folkevalde medlemmar, tilrår utvalet at Kyrkjemøtet består av biskopane, tre samiske representantar, døvekyrkjelydane sin representant, leiari av Samisk kyrkjeråd og leiaren av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval.

Les meir om samansetning og valordning for Kyrkjemøtet i utvalet sin rapport, avsnitt 6.5.

## Høyringsspørsmål

31. Bør talet på Kyrkjemøte-medlemmar frå kvart bispedøme fastsetjast (vektast) relativt til medlemstal i bispedømet? [Ja / Nei / Grunngeving i fritekst]
32. Bør ordninga med val av prest til Kyrkjemøtet bli avvikla? [Ja / Nei / Grunngeving i fritekst]
33. Bør ordninga med val av lek kyrkjeleg tilsett til Kyrkjemøtet bli avvikla? [Ja / Nei / Grunngeving i fritekst]
34. Viss ordninga med val av prest og/eller lek kyrkjeleg tilsett blir avvikla, i kva grad bør prestar og leke kyrkjeleg tilsette vere valføre til Kyrkjemøtet? [Dei bør vere valføre som folkevalde, med unnatak av tilsette på bispedømekontora og i Kyrkjerådet sitt sekretariat / Dei bør ikkje vere valbare / Anna, spesifiser].
35. Andre merknader til Kyrkjemøtet si samansetning? [Fritekst]

## 11. Kyrkjerådet

### Slik er det i dag

Kyrkjerådet er det utøvande organet til Kyrkjemøtet og leier kyrkja sitt arbeid på nasjonalt nivå. Det er Kyrkjerådet som førebur sakane som skal handsamast av Kyrkjemøtet, og gjennomfører Kyrkjemøtet sine vedtak. Kyrkjerådet har ansvar for økonomiforvaltning av dei midla som Kyrkjemøtet disponerer.

Kyrkjerådet vert valt av Kyrkjemøtet gjennom fleirtalsval, slik at dei som får flest røyster vert valde. Det er eit krav om at minst 20 prosent på vallista skal vere under 30 år og at kvinner og menn skal vere representert med minst 40 prosent på vallista.

Kyrkjerådet består i dag av elleve leke medlemmar, ein lek kyrkjeleg tilsett og fire prestar valt av Kyrkjemøtet, samt ein biskop valt av Bispemøtet, totalt 16 medlemmar. Kvart bispedøme skal vere representert i Kyrkjerådet. I tillegg møter leiarene av Samisk kyrkjeråd, Mellomkyrkjeleg råd og Den norske kyrkja sitt ungdomsutval med tale- og forslagsrett.

### Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet

Utvalet foreslår at Kyrkjerådet vert valt slik at Kyrkjerådet vert sett saman tilnærma førehaldsmessig ut frå valresultatet, dersom det vert stilt ulike vallister ved valet. Dersom det blir fremma fleire lister i Kyrkjemøtet, vert valet av Kyrkjerådet gjennomført som avtaleval eller

førehaldsval (listeval). Ved førehaldsval vert det stilt fleire lister og rådet vert samansett førehaldsmessig ut frå kor mange som valde lista. Ved avtaleval forhandler grupperingane om kven som skal sitte i rådet og lager ein avtale om dette, og avtalen blir deretter stadfesta av Kyrkjemøtet.

Utvalet foreslår i avsnitt 6.6 ei endra samansetning, slik at Kyrkjerådet består av totalt 17 medlemmar: Leiar, 15 andre folkevalde medlemmar og preses av Bispemøtet.

Kvart bispedøme skal vere representert i Kyrkjerådet. At talet på medlemmar vert haldt oppe og ikkje redusert, vil gjere det enklare å kombinere kravet om at kvart bispedøme skal vere representert med høvet til å få tilnærma førehaldsmessig representasjon i rådet. Utvalet meiner at minst 20 prosent på vallista framleis må vere under 30 år. I tillegg meiner utvalet at kvinner og menn skal vere representert med minst 40 % i Kyrkjerådet etter valoppgjeret.

## Høyrings spørsmål

36. Korleis bør Kyrkjerådet veljast om det er fleire lister i Kyrkjemøtet?  
[Fleirtallsval / Førehaldsval (listeval) / Avtaleval / Avtaleval viss gruppene blir samde. Viss ikkje: førehaldsval / Ei anna ordning. Forklar i fritekst].
37. Korleis bør Kyrkjerådet vere sett saman, viss ordninga med val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til Kyrkjemøtet blir avvikla?  
[1. Av leiar, 15 andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet (utvalet sitt forslag) / 2. Av leiar, elleve andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet / 3. På anna vis; spesifiser]
38. Korleis bør Kyrkjerådet vere sett saman, viss ordninga med val av prest og lek kyrkjeleg tilsett ikkje blir avvikla? [1. Av leiar, elleve folkevalde medlemmar, fire prestar, ein lek kirkelig tilsett og preses i Bispemøtet (som i dag) / 2. Av leier, elleve folkevalde medlemmar, ein prest, ein lek kyrkjeleg tilsett og preses i Bispemøtet / 3. På anna vis; spesifiser]
39. Kva alternativ for krav til balanse mellom kvinner og menn i Kyrkjerådet bør nyttast?  
[Krav om minst 40 prosent kvinner og menn i Kyrkjerådet etter valoppgjeret / Krav om minst 40 prosent kvinner og menn på vallista]

## **Del 4. Relasjon til kommunane og ny prostiinnending**

### **12. Om relasjon til kommunane**

#### **Slik er det i dag**

Ved overgangen til 2021 var det 94 geografiske prosti og 348 kyrkjelege fellesråd (inkludert sokneråd med fellesrådsfunksjonar i eittsoknskommunar) i Noreg.

#### **Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet**

Forslaget vil tyde at fleirtalet av de kyrkjelege fellesorgana for sokna (prostifellesråda) vil bli kommuneoverskridande. Ei ny kyrkjeleg organisering kan difor ha fleire konsekvensar for relasjonen mellom kyrkje og kommune. I avsnitt 5.5 i rapporten kirke og kommune. Rapportens avsnitt 5.5 erkjenner at etablering av prostifellesråd kan auke avstanden mellom kommunen og kyrkja, som vil kunne få uheldige konsekvensar. Samstundes har norske kommunar lang og god erfaring med samarbeid mellom kommunar innan kommunal tenesteyting t.d. innan barnevern, kommunaltekniske tenester osv.

## Høyrings spørsmål

Dersom Kyrkjemøtet vedtek ei ordning med prostifellesråd;

40. Kva for nokre av tiltaka som er nemnt nedanfor er viktige for å halde ved lag ein god relasjon mellom kyrkje og kommune? (For kvart alternativ: Svar på ein skala frå 1-5, der 5 er veldig viktig, medan 1 er heilt uviktig)

- a. Vidareføre en ein til ein-relasjon mellom kommune og prostifellesrådet i samband med budsjettprosessar og anna samarbeid mellom kyrkje og kommune, slik det i dag er det mellom kommunane og fellesrådet.
- b. Skilje mellom driftsbudsjett og investeringsbudsjett, slik at kommunane kan vere sikre på at investeringar som kommunen gjer kjem kommunen til gode.
- c. Styrkje kyrkja si rolle som aktør i samskaping for kommunane, ved å skape nye tilbod saman og samarbeide om eksisterande prosjekt.
- d. Anna; spesifiser i fritekst.

### 13. Ein ny prostistruktur

#### Slik er det i dag

Dei fleste prostia omfattar fleire kyrkjelige fellesråd og dermed også kommuner, men det finst også eksempel på store kommunar som utgjer eitt prosti, eller det er flere prosti i ei kommune.

#### Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet

Hovedutvalet har vurdert at dagens prostistruktur ikkje gjennomgåande bør leggest til grunn for ei ny kyrkjeleg organisering, men at ein slik ny struktur bør utgreiast vidare, jf. Avsnitt 12.2 og kapittel 13 i rapporten. Utvalet har lagt til grunn at det bør leggest til rette for ein lokalt forankra prosess innanfor eit nasjonalt regelverk. Det er bispedømeråda som skal fastsette den nye strukturen iht. det same regelverket.

Utvalet sitt utgangspunkt har vore at prostifellesråda må vere store nok til å drive effektivt, legge til rette for fleire heiltidsstillingar, rekruttere kvalifiserte tilsette og bygge fagmiljø. Samstundes må prostiet vere nært nok, må forstå lokale tilhøve, halda ved lag finansieringsvilja til kommunane og legge til rette for lokalt eigarskap og engasjement. Prosessen bør i stor grad legge vekt på lokale initiativ og ønske, og balansere desse omsyna:

1. Medlemsstorleik
2. Geografisk storleik
3. Identitet/naturleg område
4. Kor mange sokn
5. Kor mange prosti i bispedømet
6. Kor mange kommunar
7. Kjente strukturar i kyrkja og samfunnet
8. Andre særlege omsyn (ivaretaking av samisk kyrkjeliv, storbyane, nyleg samanslåtte kommunar)

#### Høyrings spørsmål

41. I kva grad meiner de at utvalet har peika på dei relevante omsyna som det bør leggest vekt på ved fastsetting av nye prostigrenser. Svar på ein skala frå 1-5 der 5 er veldig

relevant medan 1 er veldig irrelevant. Er det eventuelt andre omsyn som bør leggest vekt på?

42. I kva grad opplever de dagens prostigrenser som I kva grad blir dagens prostigrenser opplevd som føremålstenlege for etablering av prostifellesråd? [Svært føremålstenlege / Nokså føremålstenlege / Verken eller / Nokså lite føremålstenlege / Svært lite føremålstenlege].
43. Andre synspunkt på prostistrukturen, til dømes kva som er ein eigna storleik på eit nytt arbeidsgjevarorgan?

## 14. Samisk kirkeliv

### Slik er det i dag

Den norske kyrkja sine demokratiske organ rommer samisk sjølvråderett og medråderett. Strategiplan for samisk kyrkjeliv 2019–2027 viser til at sjølvråderett i Den norske kyrkja skjer ved at det finst eigne demokratiske fullmaktsrom der samar sjølv har ansvar og høve til å forme sitt eige kyrkjeliv. Medråderett handlar om høvet til deltaking og påverknad i avgjerdsprosessar.

Samisk kyrkjeleg valmøte er eit representativt organ for samisk kyrkjeliv i Den norske kyrkja som skal bidra til å verne og fremme samisk kyrkjeliv. Valmøtet er ein arena både for val, demokratiske prosessar og drøfting av sentrale fagspørsmål innan samisk kyrkjeliv. Samisk kyrkjeråd er Kyrkjemøtet sitt organ for samisk kyrkjeliv, valt av Kyrkjemøtet etter nominasjon frå Samisk kyrkjeleg valmøte.

Samisk medråderett i kyrkjedemokratiet vert i dag sikra mellom anna gjennom særskilt samisk representasjon i dei tre nordligaste bispedømeråda og dermed i Kyrkjemøtet, og ved at Samisk kyrkjeråd deltek i den førebuande rådshandsaminga av saker til Kyrkjemøtet. Vidare er leiav Samisk kyrkjeråd fullverdig medlem av Kyrkjemøtet og har møterett i Kyrkjerådet.

Indre Finnmark prosti og Saemien Åålmege (sørsamisk kyrkjelyd) har eit særleg ansvar for å ha kunnskap og kompetanse innanfor samisk språk og samisk kyrkjeliv i høvesvis nordsamiske og sørsamiske område.

### Anbefaling frå Müller-Nilssen-utvalet

Müller-Nilsen-utvalet hadde i mandatet sitt at det skulle ivareta samisk kyrkjeliv i utgreiinga. Utvalet har lagt til grunn at det tyder at ein ny modell for kyrkjeleg organisering framleis må leggje til rette for at kyrkjelydar skal kunne tilby kyrkjelege tenester på samisk språk, med forankring i den samiske kulturen. Dette er omsyn som gjeld for samisk kyrkjeliv i heile landet og særleg i forvaltningsområdet for samisk språk.

For å hindre at ei ny organisering har ei negativ effekt på samisk kirkeliv, foreslo utvalet å ha ein eigen samisk representant i dei prostifellesråda som inkluderer eit eller fleire sokn som ligg i ein kommune innanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Den konkrete valordninga for ein samisk representant i prostifellesrådet, meiner utvalet burde greiast ut vidare med involvering av Samisk kyrkjeråd, dei tre bispedøma med eit særskilt ansvar for samisk kyrkjeliv og andre aktørar innan samisk kyrkjeliv. Utvalet meiner også at kriterier for valførleik burde avgjerast etter konsultasjon med Samisk kyrkjeråd, og viser til arbeidet som er gjort knytta til valførleik til Samisk kyrkjeleg valmøte som ein modell. Der er følgjande sett på som valføre: Valføre (...) er dei som fyller følgjande vilkår: a) har kyrkjeleg røysterett og, b) oppfatter seg som same og som anten har samisk som heimespråk, eller har eller har hatt forelder,



besteforelder eller oldeforelder med samisk som heimespråk, eller c) har annan tilknytning til samisk kyrkjeliv ut frå nærare kriterier avgjort av Samisk kyrkjeråd.

Utvalet hadde som mandat særleg å greie ut eit nytt organ på prostinivå, og utvalet har derfor ikkje vurdert samisk representasjon i sokneråd.

Utvalet foreslår å føre vidare dagens samiske representasjon i både dei tre nordligaste bispedømeråda, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet.

### **Høyringsspørsmål**

44. Bør det veljast ein eigen samisk representant i prostifellesrådet i dei prostia som har minst eitt sokn som ligg i forvaltningsområdet for samisk språk? [Ja / Nei / Grunngeving]
45. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering på lokalt nivå? [fritekst]
46. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering med folkevalt organ på prostinivå? [fritekst]
47. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering på nasjonalt nivå? [fritekst]

### **Andre innspel eller synspunkt**

#### **Høyringsspørsmål**

48. Viss de har andre innspel eller synspunkt til rapporten eller saka om kyrkjeleg organisering kan de skrive det her [fritekst]